



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hallvard Hageberg, 5557 2318

Vår dato
20.02.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/1682 472
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Ber om uttale til søknad om avfallsmottak for Ragn Sells AS avd. Mongstad

Vi viser til kunngjering om søknad frå Ragn Sells AS avd. Mongstad om mottak og handtering av avfall på Mongstad. Saka er kunngjort på vår nettside www.fylkesmannen.no/hordaland under Høyringar. Her ligg også saksdokumenta. Kunngjeringa er sendt til Strilen og Nordhordland der saka vil bli kunngjort ein av dei næraste dagane.

Fylkesmannen ber Lindås kommune om uttale til søknaden. Vi ønskjer spesielt å vite om kommunen har informasjon om

- utslepp frå verksemda kan gjera det vanskeleg å nå målet om god økologisk og kjemisk tilstand i vassforekomsten, jf. vassforskrifta §§ 4 til 6
- utslepp frå verksemda kan føra til at mål for luftkvalitet i området ikkje vert nådd
- sårbare dyr og planter i området, jf. naturmangfaldlova § 8
- andre verknader på økosystem i området, jf. naturmangfaldlova § 10
- andre lokale omsyn som vi må ta til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna

Vi ber om at kommunen si uttale blir sendt oss innan 26. mars 2017.

Med helsing

Mari Katrine Berg
overingeniør

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Søknad med vedlegg